



Andreas Granli Søråa  
Eknes 17  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3496 - 18/38385

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
21.12.2018

## Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 238/4 Eknes indre

Tiltak: frådelling bustadeigedom  
Byggjestad: Gbnr: 238/4  
Tiltakshavar: Andreas Granli Søråa  
Ansvarleg søkjar: Andreas Granli Søråa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.11.2018.

### Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF- føremål og LNF med spreidd bustadbygging. Det er søkt om frådelling av bustadhuset på eigdommen. Arealet som er søkt frådelt er avsett til LNF- med spreidd bustadbygging. Eigedom gbnr. 238/4 ligg ikkje i kommunen si oversikt over landbrukseigedommar i drift.

Eigedom gbnr. 238/4 er bygd med einebustad, garasje og eit mindre uthus/lanbruksbygg.

Omsøkt frådelling fører til at eigedom gbnr. 238/4 vert liggjande att utan bustadhus

Det er i søknad opplyst at landbruksjorda på eigedom gbnr. 238/4 er nytta som tilleggsareal av eit bruk i avktiv drift på Ostereidet.

Det vart per telefon opplyst at eigedom gbnr. 238/4 skal fortsette å vere i heimelshavars eige, opparbeidd jordbruksareal vert leigd vekk, og det er planar om å ta ut hogstmoden skog om om lag 10 år, jf. Søknad om dispensasjon.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet for frådelling av bustadtomt frå eigedom gbnr. 238/4, det aktuelle arealet som er søkt frådelt er som nemnd over avsett til LNF-med spreidd bustadbygging. Omsøkt tiltak fører til at ein får oppretta ein ny tomt som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF med spreidd bustadbygging. I tillegg fører tiltaket til at hovudbruket gbnr. 238/4 vert liggjande igjen med store areal innan område avsett til LNF med spreidd bustadbygging i tillegg til areal avsett til LNF-føremål som i det vesentlege er skogbruksdrift.



Det er i inneverande planperiode ikkje opna for at det i dette området kan byggast nye einingar. Vi ber om at de supplerer søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet med søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel § 5.11.

### **Nabovarsel**

Det er i vedlegg «naboliste» opplyst at nabovarsling til heimelshavar av eigedom gbnr. 238/15 er sendt til Samuel Alshager. Det vert per telefon opplyst og vist til vedlegg mail 6 der det går fram at heimelshavar av gbnr.238/70 har tatt på seg ansvar for eigedom gbn.r 238/15, kommunen legg til grunn at heimelshavar av gbnr. 238/70 har naudsynte retter til dette. Det må sendast inn dokumentasjon på at vedkommande er heimelshavar sin representant.

### **Avkøyrsløve**

Eigedom gbnr. 238/4 har avkøyrsløve til offentleg veg som er kommunal, gbnr. 238/83. Administrasjonen sender søknaden på høyring til Teknisk drift ved vegavdelinga. Dersom det viser seg at frådeling krev utvida bruk av avkøyrsløve må dette ligge føre ved handsaming av søknad om frådeling.

### **Høyring**

Vi viser til telefon i dag 21.12.18, på bakgrunn av opplysningar gjeve i telefonsamtala vel vi å sende søknaden på høyring no, sjå eige brev. Høyringspartar har 4 vekers uttale rett til søknad om dispensasjon.

I den tid søknaden er på høyring er kommunen si sakshandsamingsfrist fryst.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi ber om at den nemnde rett til å veg, strøm, vatn og kloakk for bustaden over gbnr. 238/4 vert dokumentert.
2. Avkøyrsløve til bustaden og landbrukseigedomen, dersom de har det.
3. Supplering av søknad med søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel § 5.11.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 01.02.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Andreas Granli Sjøraa

Eknes 17

5993

OSTEREIDET

**Mottakarar:**

Andreas Granli Sjøraa

Eknes 17

5993

OSTEREIDET